




Heldige Catherine Wergeland vert her overrekk tilflytterprisen av ordførar Peder Sjø Slettebø

216 som hadde flytta til kommune siste halvdel av 2015 og første del av 2016, var invitert til tilflyttersamling i Kulturhuset Husnes onsdag. Det var tett på 40 av desse som kom, og mellom dei talde eg til 6 nyinnflytta uskedelingar. Catherine Wergeland frå Husnes vart den heldige vinnar av tilflytterprisen på 10.000 kr.



Jan og Shirley Nordli som bur i Ospelunden var to av mange hyggelege tilflyttarar.

Ordførar Peder Sjo Slettebø opna det heile. I opningstalen sin presenterte han noko av rikdommen og mangfaldet Kvinnherad kommune har å by på då han fortalde om tilbod og satsingar på trivsel medan fine bilete frå kommunen rulla over lerretet. Slettebø var også kveldens stødige og gode konferansier, og han overlet scenen til kulturskulen sitt populære marimbaorkester under leiing av Mauricio Weimar. Med det flotte rytmiske spelet sitt sette dei som vanleg salen i god stemning.

Silvia Tofte fortalde kort og godt om Kvinnherad Næringssservice og deira arbeid og tilbod for innbyggjarane før Kjell Yri fekk ordet som leiar i Kvinnherad Turlag. Han presenterte det gode og varierte programmet til turlaget som har tilbod til alle aldersgrupper. Presentasjonen vart understreka av ein flott biletserie knytt til aktivitetstilbodet deira. Turlaget og fleire andre frivillige organisasjonar hadde stand der tilboda deira vart presentert ytterlegare.

Valeparken er eit flott trivselstiltak, og innflyttar frå Sogn, Geir Atle Vangsnes, hadde ein svært interessann gjennomgang av arbeidet med prosjektet. Han oppfordra alle til å engasjera seg i dugnad og frivillig arbeid, og understreka at det var beste og kjekkaste måten å verta kjend med folk på ein ny plass.

Opphaveleg bergensar Monica Flagtvedt, som no bur på Hatlestrand, fortalde om korleis ho hadde skapt sin eigen arbeidsplass ved å etablere nettbutikken Agent M. Derfrå sel ho miljøvennlege og gjenvinnbare produkt til heile Norge.

På slutten av kvelden skulle den store spenninga utløysast då det var trekking av tilflyttarprisen mellom dei framømte. Den heldige vinnaren av 10.000 kr dette året vart Catherine Wergeland frå Husnes. Det vart også trekt ut to gåvekort på 1000,-kr kvar frå Tysnes Sparebank. Heldige vinnarar her vart Silje Reime Johansen frå Herøysundet og Jorunn Røsseland frå Kaldestad.

På samkoma var det også servering og drøs rundt borda. Underteikna var så heldig at han fekk helsa på og prata med to nye og svært hyggelege naboar i Ospelunden, Jan og Shirley Nordli, for første gong. Dei gav tydeleg uttrykk for at dei hadde funne seg godt til rette på den nye heimlassen sin. Sjølv sagt var dei særdeles begeistra for utsikten sin.

Etter at Peder Sjo Hadde takka for framømte, avslutta Husnes blanda kor med tre vakre nummer under leiing av dirigenten sin, Linas Dakinevicius. Dei nyttilflytta hadde fått eit triveleg møte med den nye heimkommunen

sin.



Ali og Mowlid(Somalia) frå Beinavikjo hadde det triveleg saman med Stefka(Bulgaria) frå Halsnøy og Joanna(Polen) frå Sunde



Ali(Somalia og Uskedalen) og Kelly(Brasil og Valen) sette pris på frukt-og kakebordet.



Den nye kulturskulerektoren Kirill Zimin (opphaveleg frå Russland) i prat med ordføraren.



Kjell Yri presenterte det gode tilbudet til Kvinnherad turlag



[Ungdommane i marimbaorkesteret med flotte velkomstnummer.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland